

Høyringsuttale - barnehage-/skulebruksplan

Innsendt	15.02.2021 15.24.15
ReferanselD	VKO068-1102182
Steg	
Innsendt av	
Eg sender inn uttale på vegne av ☒ meg som privatperson ☐ organisasjon	
Navn Askev Julsrud	
Høyringsuttale	
Uttale til rapport frå Norconsult, gjeldande barnehage-/skulebruksplanen. Eg synest det er dumt at skular i vindafjord skal leggst ned, fordi det er den største faktoren for ei levane bygd i lag med butikken. Kva er målet? Først vil dåkk leggja ned skulane, eit par måndar seinare reklamerar dåkk (vindafjord kommune) i grannar med at dåkke har levande bygder, og så vil dåkk leggja ned skulane?? Fer skulen fer også butikken, altså bygdene 'døyr ut'. Eg som ungdom (15) har snakka med venne mine om detta. óg dei, på lik linje med meg blir frustrerte. Dei vil gjerne at ungane deira skal gå på skule i vikebygd. Små skular er tryggare og har betre læringsmiljø. Når alt kommer til alt blir eg litt trist av tanken på kor mykje dåkker er villige til og ofra for og spara litt pengar, dumt. Dåkker skylder på dårlege skulebygg og dyrt og drifta, har dåkken då tatt og sett på muligheitar i det heile tatt? Er det noko bygdefolket er kjend for i vindafjord så er det dugnadsånd, dette burde dåkken vær stolte av og utnytta. Tenk så mykje billigare det blir, og sjølv om det ikkje alle som kjem er 4 års utdanna fagfolk så er det mange som fortsatt veit kva dei driv med. Eg håpar dåkk tar dette til dåkker og gjer noko med det. Ungane er framtida.	
Vedlegg	
Ingen vedlegg er lagt til	